



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 979 918 224  
Organisasjonsform: Aksjeselskap  
Foretaksnavn: SYKKYLVEN ENERGI AS  
Forretningsadresse: Haugsetvegen 33  
6230 SYKKYLVEN

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2020 - 31.12.2020

### Konsern

Morselskap i konsern: Ja  
Konsernregnskap lagt ved: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Per Arne Edvardsen  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 30.06.2021

### Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 27.07.2022



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salgsinntekt	13	66 936 726	85 138 649
Annen driftsinntekt		11 256 438	17 294 889
<b>Sum inntekter</b>	4	<b>78 193 164</b>	<b>102 433 538</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad		13 467 563	16 581 832
Lønnskostnad	11, 12	13 145 934	16 519 907
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	5	14 347 455	12 716 768
Annen driftskostnad	11	30 854 282	30 783 434
<b>Sum kostnader</b>	4	<b>71 815 234</b>	<b>76 601 941</b>
<b>Driftsresultat</b>	4	<b>6 377 930</b>	<b>25 831 597</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		66 267	43 379
Annen finansinntekt		751 671	46 000
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>817 938</b>	<b>89 379</b>
Annan rentekostnad		2 612 385	2 698 208
Annen finanskostnad		199 781	151 194
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>2 812 166</b>	<b>2 849 402</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-1 994 228</b>	<b>-2 760 024</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>4 383 701</b>	<b>23 071 573</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	10	991 161	5 126 275
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>3 392 540</b>	<b>17 945 298</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>3 392 540</b>	<b>17 945 298</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>3 392 540</b>	<b>17 945 298</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>3 392 540</b>	<b>17 945 298</b>



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Ordinært utbytte		6 500 000	7 000 000
Avsatt til annen egenkapital		-3 107 460	10 945 298
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>3 392 540</b>	<b>17 945 298</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Utsett skattefordel	10	5 218 454	5 187 034
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>5 218 454</b>	<b>5 187 034</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	5	285 827 012	261 221 675
Maskiner og anlegg	5		
Skip og flytende installasjoner	5		
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	5	6 094 602	5 928 602
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	5, 9	<b>291 921 614</b>	<b>267 150 277</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	7	1 327 002	1 327 002
Investeringer i aksjer og andeler	7	355 703	418 026
Obligasjoner og andre fordringer		1 131 824	1 005 625
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>2 814 529</b>	<b>2 750 653</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>299 954 596</b>	<b>275 087 964</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Sum varer</b>		<b>2 692 313</b>	<b>2 278 434</b>
<b>Krav</b>			
Kundefordringer	9	19 612 997	21 566 969
Andre kortsiktige fordringer	14	779 314	1 170 924
Krav på innbetaling av selskapskapital		693 778	
<b>Sum krav</b>		<b>21 086 089</b>	<b>22 737 893</b>
<b>Bankinnskott, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3	1 326 901	1 280 264
<b>Sum bankinnskott, kontantar og liknande</b>		<b>1 326 901</b>	<b>1 280 264</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>25 105 302</b>	<b>26 296 590</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>325 059 898</b>	<b>301 384 554</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital		19 800 000	19 800 000
Overkurs		47 035 853	47 035 853
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>	2	<b>66 835 853</b>	<b>66 835 853</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annen egenkapital		60 248 974	63 356 434
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>60 248 974</b>	<b>63 356 434</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	2	<b>127 084 827</b>	<b>130 192 287</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Pensjonsplikter	12	3 174 220	3 035 006
Utsett skatt	10		
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>3 174 220</b>	<b>3 035 006</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar		129 632 000	104 788 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>	9	<b>129 632 000</b>	<b>104 788 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>132 806 220</b>	<b>107 823 006</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	3, 9	11 241 091	6 595 002
Leverandørgjeld		10 667 846	12 570 427
Betalbar skatt	10	1 022 581	4 185 610
Skattetrekk og andre trekk		7 495 199	9 419 172
Utbytte		6 500 000	7 000 000
Fond meir/mindreinntekt	6, 8	9 503 749	7 495 646
Annen kortsiktig gjeld		18 738 385	16 103 405
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>65 168 851</b>	<b>63 369 261</b>



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Sum gjeld		197 975 071	171 192 267
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>325 059 898</b>	<b>301 384 554</b>



ÅRSMELDING | REKNESKAP





## Innhold

<b>Introduksjon av selskapet</b> .....	3
<b>Administrerende direktør har ordet</b> .....	4
<b>Presentasjon av forretningsområda</b>	
Produksjon av straum.....	5
Distribusjon av straum .....	6
Fibernet	8
Vassforsyning og avløp.....	9
Økonomi-/administrasjon-/kundeavdeling .....	10
<b>Styret si melding</b> .....	12
<b>Revisor si melding</b> .....	15
<b>Resultatrekneskap</b> .....	17
<b>Balanse</b> .....	18
<b>Notar til rekneskapen</b> .....	20
<b>Kontantstrømoppstilling</b> .....	30
<b>Samfunnsrekneskap</b> .....	31

Alle foto: Kristin Støylen  
Grafisk produksjon: Rein Design | reindesign.no



Styret Sykkylven Energi AS: Frå venstre: Arvid Skinnnes, Kristin Grebstad, Steinar Johan Bakke, Odd Arne Krüger, Per Arne Edvardsen, Jarle Strømmegjerde, Renate Karlsen og Halvard Hjorthol. Foto: Kristin Støylen

Sykkylven Energi (SE) er 100% eigd av Sykkylven Energi Holding AS og er registrert som eit aksjeselskap.

Styret har 7 medlemmar. Av desse er 5 oppnemnt av generalforsamlinga (kommunestyret) og 2 er arbeidstakarrepresentantar. Administrerande direktør møter på styremøta, men er utan stemmerett.

SE har eit dotterselskap i Sykkylven Miljøpark AS. I tillegg har SE aksjar i Jarnes Industripark AS og Elsikkerhet Møre AS.

Elsikkerhet Møre AS koordinerer aktiviteten med tilsyn av dei elektriske anlegga. Selskapet blei stifta 1. oktober 2002, og har som hovudoppgåve å utføre dei lovpålagde tilsynsoppgåvene for eigarselskapa. Elsikkerhet Møre AS er eigd av Nordvest Nett AS, Sandøy Nett AS, Tindra Nett AS, Sykkylven Energi AS og Mørenett AS.


Eit viktig arbeidsmål for SE er utvikling av samarbeidet med andre aktorar i nærområdet, og korleis ein gjennom samarbeid og spesialisering kan forbetre effektiviteten i selskapet.

Frå 1. januar 2021 er det krav til selskapsmessig skilje mellom EL-distribusjon (nettverksemda) og anna verksemd. For å tilpasse seg dei lovpålagte krava blei

Sykkylven Energi konsernet etablert i 2020. Sykkylven Energi konsernet består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS, og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS og Straumen Nett AS. I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS.

Hausten 2020 vart det vedteke å fisjonere nettverksemda frå Sykkylven Energi AS til Straumen Nett AS. Rekneskapsmessig vil omorganiseringa gjelde frå 1. januar 2021. Frå same dato er tilsette overført til dei nye selskapa.

## STRUKTUR FOR SYKKYLVEN ENERGI KONSERNET:



2020 har vore eit spesielt år for Sykkylven Energi. Året har vore prega av historisk låge kraftprisar. Dette førte til at produksjonsverksemda i selskapet ikkje hadde nok inntekter til å dekke eigne kostnader og noko som har bidrege negativt til resultatet i selskapet. Samstundes leverer dei andre forretningsområda gode resultat, noko som gjer til at selskapet også i år klarer å gi eit betydeleg utbytte til kommunen.

Gjennom året 2020 har selskapet investert betydelege verdier i utbygging av fiber, slik at alle husstandar i Sykkylven kommune har tilbod om høghastigheit breiband. Viktigheita av dette har blitt endå tydelegare med stenging av skular og bruk av heimekontor som følgje av COVID-19. Selskapet sin visjon «Gi liv til eit samfunn i utvikling» står styrka i desse tider og viser viktigheita av vårt lokale engasjement og våre verdier.

Innan vatn og avløp jobbast det godt for å nå dei langsiktige måla våre om reduksjon av vasslekkasjar og utslipp. Vi ser at kontrollrutinane for vasskvalitet fungerer og ny teknologi for drift, vedlikehald og overvaking er teke i bruk.

Sykkylven Energi har i 2020 omdanna selskapet til eit konsern. Nettverksemda blei fisjonert ut i eit nytt selskap, Straumen Nett, med verknad frå årsslutt. Profilering av det nye selskapet og nye nettsider er på plass. Straumen Nett vil vere vår lokale bidragsytar i elektrifiseringa av transportsektoren, for å nå klimamåla våre. Elektrifiseringa av ferjesambandet Aursnes - Magerholm vart satt i drift sommaren 2020 og bidreg til betydeleg reduksjon av CO<sub>2</sub>-utslipp. Vi opplever auke i spørsmål om installasjon av elbil-ladarar i private heimar og hytter. Elektriske personbilar i kommunen har auka til 7,9 % av bilparken i 2020, der 5,2 % er heilelektriske bilar og 2,7% er hybridbilar som kan ladast.

Det nye konsernet står godt rusta for framtida. Vi har dyktige tilsette som jobbar med felles mål til det beste for konsernet og lokalsamfunnet. Alle forretningsområda våre er sentrale i FN sine berekraftmål. Dette gir konsernet gode vilkår til vidare utvikling av lokale kompetansearbeidsplassar med god verdiskaping i framtida.



Foto: Kristin Støylen

*Per Arne Edvardsen*

**Per Arne Edvardsen**  
Administrerende direktør

Sykkylven Energi har følgjande tre produksjonsanlegg:

<b>Riksheim Kraftstasjon</b>	<b>2013</b>
<b>Riksheimdal Kraftstasjon</b>	<b>2003</b>
<b>Ramstaddal Kraftstasjon</b>	<b>1983</b>

Alle kraftstasjonane våre er magasinverk. Det betyr at produksjonen er basert på eit vassmagasin og har ein produksjon som kan regulerast uavhengig av nedbør og tilsig av vatn. I Riksheimdalen er det Storevatnet som er magasin for Riksheim Kraftstasjon og Riksheimdal Kraftstasjon, medan Årsetvatnet er magasin for Ramstaddal Kraftstasjon.

Mange småkraftverk som vert bygde i dag er elvekraftverk, med inntak rett frå elveløpet. Desse produksjonsanlegga er avhengige av vassføringa i elva og kan ikkje produsere fritt i forhold til årstid, kraftpris eller problem i linjenettet (beredskapssituasjon).

#### Aktivitet

Samla produksjon frå kraftstasjonane våre var i 2020 på 55,1 GWh, mot eit snitt på 49,1 GWh dei siste ti åra. Det har vært ekstremt lave prisar gjennom året 2020. Gjennomsnittspris var på 9,6 øre/kWh, betydeleg ned i forhold til 2019 da prisen var på 38,6 øre/kWh.

Ved årets utgang var magasinifyllinga god i begge vassdraga.

Nye Riksheim Kraftstasjon har i 2020 produsert 31,2 GWh. Kraftverket fekk i 2013 tildelt grøne sertifikat for 22,1 % av årsproduksjonen som følgje av modernisering og renovring.

Vi har i 2020 fornya kontrollanlegget på Ramstaddal Kraftstasjon, slik at dette nå er modernisert til å styres fjernt frå vår driftssentral.

#### Private kraftverk

Dei tre private kraftprodusentane som leverer kraft til vårt nett, Brunstad Kraft, Velle Kraft og Hatlemark Kraft, har i 2020 hatt ein samla produksjon / innmating på 16,3 GWh.




Jens Kåre Blakstad, avdelingsingeniør. Foto: Kristin Støylen

#### Produksjon ved Sykkylven Energi sine anlegg:

	<b>Riksheim Kr.St. [GWh]</b>	<b>Riksheimdal Kr.St. [GWh]</b>	<b>Ramstaddal Kr.St. [GWh]</b>	<b>SUM [GWh]</b>
<b>2011</b>	23,1	21,5	3,8	48,5
<b>2012</b>	21,2	22,2	1,4	44,8
<b>2013</b>	17,4	15,4	2,9	35,7
<b>2014</b>	21,5	17,7	2,4	41,5
<b>2015</b>	31,0	21,5	3,4	55,9
<b>2016</b>	26,8	21,4	3,6	51,8
<b>2017</b>	28,2	21,9	4,1	54,1
<b>2018</b>	25,9	21,6	3,2	50,7
<b>2019</b>	27,6	21,8	3,1	52,5
<b>2020</b>	31,2	19,8	4,0	55,1
<b>Snitt</b>	<b>25,4</b>	<b>20,5</b>	<b>3,2</b>	<b>49,1</b>

#### Sum produksjon 2011-2020




Forbruket i 2020 viser ein nedgang i forhold til 2019 på 0,928 %. Nedgangen svarar til om lag 1130 MWh som igjen svarar til normalforbruket til om lag 56 husstandar.

2020 vart eit år med høgare KILE-kostnader i forhold til dei siste 3 åra. Av totalt 124 avbrottsrapportar var det 11 stk. med avbrotkostnader over kr. 30 000 kr og største kostnad på kr. 199 482.

Måten tilstandskontrollen har vore utført på gjer at vi berre har høgst nødvendige utkoplingar i nettet. Dette bidreg positivt i KILE rekneskapen.

Leveringsgrad utrekna som ein prosentsats basert på forholdet mellom faktisk levert energi og "manglande levering" grunna avbrot er 99,983 % i 2020.



Halvard Hjorthol, avd.leiar EL. Foto: Kristin Støylen

## KILE-STATISTIKK I KRONER

KPI-justert KILE- KOSTNADAR	IKKJE VARSLA AVBROT		VARSLA AVBROT		SUM AVBROTSKOSTNADAR		
	Andre Kr	Eige nett Kr	Andre Kr	Eige nett Kr	Andre Kr	Eige nett Kr	Sum Kr
2020	0	898	0	163	0	1061	1061
2019	0	207	0	62	0	269	269
2018	0	241	0	75	0	316	316
2017	0	234	0	147	0	381	381
2016	0	1 080	0	93	0	1 173	1 173

Statistikk i heile tusen kr.

## KILE-STATISTIKK I ANTALL KUNDEAVBROT

	IKKJE VARSLA AVBROT		VARSLA AVBROT		SUM KUNDEAVBROT			SNITT pr. kunde
	Andre Antall	Eige nett Antall	Andre Antall	Eige nett Antall	Andre Antall	Eige nett Antall	Sum Antall	
2020	0	12 006	0	1 549	0	13 555	13 555	2,83
2019	0	8160	0	433	0	8593	8593	1,77
2018	0	4411	0	954	0	5365	5365	1,2
2017	0	3 288	0	1 452	0	4 740	4 740	1,03
2016	0	6 783	0	665	0	7 448	7 448	1,6



## INVESTERING / DRIFT


Arbeidet med tilstandskontroll har fortsett i 2020. Arbeidet er for å sikre at våre anlegg tilfredsstiller krav i lov og regelverk for å gi ein sikker og god straumtilførsel. Kontrollen vert utført for alle anlegg med årlege, 5 årlege og 10 årlege intervall.

Etter mange år med høge investeringar vil arbeidet i dei komande åra dreie i større grad over på vedlikehald av straumnettet. Det største investeringsprosjektet i 2020 er forsyningsanlegget til elektrisk ferjedrift for Ørsnes - Magerholm. Selskapet har også fokusert på meir digitalisering for å effektivisere arbeidet, og forenkle og betre informasjon ut mot kundar.

## FORBRUK FORDELT PÅ KUNDEGRUPPER OG ÅRSFORBRUK 2020

	Antal abonnentar	% fordeling	Årsforbruk MWh	% fordeling
Bergverksdrift og utvinning	2	0 %	18	0 %
Bygg og anleggsverksemd	46	1 %	891	1 %
Div. forsynings- og renovasjonsverksemd	10	0 %	156	0 %
Diverse tenesteyting	278	6 %	13 310	11 %
Hushaldning og fritidsbustadar	4 183	87 %	61 455	51 %
Industri	128	3 %	36 637	30 %
Jordbruk, skogbruk og fiske	66	1 %	769	1 %
Transport og lagring	12	0 %	1 469	1 %
Varehandel m.m	66	1 %	5 932	5 %
<b>Sum</b>	<b>4 791</b>	<b>100,00 %</b>	<b>120 637</b>	<b>100 %</b>

## FORBRUK FORDELT MELLOM HUSHALDNING/FRITIDSBUSTAD OG NÆRING



## ORD OG UTTRYKK

<b>V</b>	=	volt
<b>kV</b>	=	kilovolt
<b>A</b>	=	ampere
<b>W</b>	=	Watt
<b>kW</b>	=	kilowatt
<b>MW</b>	=	megawatt
<b>kWh</b>	=	kilowatt-time
<b>MWh</b>	=	megawatt-time
<b>GWh</b>	=	gigawatt-time
<b>TWh</b>	=	terawatt-time

**kV** = 1000V = måleining for spenning  
**A** = måleining for straum  
**kW** = 1000 watt = måleining for effekt  
**MW** = 1000 kilowatt  
**MWh** = 1000 kWh  
**GWh** = 1 mill. kWh = måleining for energi  
**TWh** = 1 milliard kWh

Sykkylven Energi har det siste tiåret lagt til rette for fiber til næring og private i Sykkylven. Området har hatt ei god utvikling med betydeleg vekst år for år. I 2020 auka omsetninga innan fiber med 12 % og driftsresultatet auka med 25 %. Områda Velledalen, Søvikdalen, Ramstaddalen, Tynesstranda, Blakstad og Tusvik blei utbygd. Dette betyr nå at alle husstandar i kommunen kan få installert fiber. I 2021 vil vi fortsette satsinga med å bygge ut Fjellseterområdet slik at fritidsbustadar også kan få kople seg til fiber.

I 2020 har det vore eit jamt tilsig av nye FTH kundar frå områda som tidlegare har vore utbygd med fiber. Dette tydar på at vår strategi er rett og at vi på sikt vil betre avkastninga på investeringane våre. Vi reknar med at dei fleste husa i kommunen vil vere tilknytt fiber frå Sykkylven Energi i framtida.

#### Våre samarbeidspartar på fiber

Samarbeidet med NextGenTel om levering av tenester til heimane held fram etter avtale om levering av FTH tenester i Sykkylven.

For levering av tenester og breiband over fiber til næringslivet så har Sykkylven Energi ei stor kontakflate mot samarbeidspartar i og utanfor Sykkylven. Dette gir næringsverksemdar konkurransedyktige og driftssikre tenester på samband ut av bygda.



Jens Kåre Blakstad, ansvarleg for fiber til næringsverksemdar.  
Foto: Kristin Støylen



Arve Opsahl, ansvarleg for fiber til heimen (FTH).  
Foto: Sykkylven Energi



## Investeringar

Aktiviteten i 2020 har vore høg, spesielt på avlopssektoren, og dei største investeringane har vore:



- Bygging av 115 meter vassleidning og 150 meter avlopsleidning i Høgebøane og Gjersvegen.
- Bygging av 265 meter avlopsleidningar og fullføring av nytt reinseanlegg i Velledalen.
- Nye utsleppsleidningar på Sætre, Erstad og Daveneset.

Ny hovudplan for avløp vart vedteken i fjor. Planen gir god oversikt over behov for tiltak for å rydde opp i problem med forureining frå avlopsutslepp.

Det vart prosjektert og innhenta anbod på bygging av avlopsleidning i samband med ny veg i Meieridalen. Anleggsarbeidet starta opp på slutten av året og leidningsanlegget skal føre avløpet frå Helleskjerva og Sætre Hellen til planlagt silanlegg på Daveneset.

Det vart innhenta anbod og inngått avtale om levering av nye silmaskiner på Tandstad og i Ullavika.

Samla investering innan vassforsyning var på kr. 3,77 mill. kr. og avløp kr. 8,22 mill.



Ivar Selsbakk, avd.leiar VAR. Foto: Kristin Støylen

## Drift og vedlikehald

Vi hadde berre 1 vasslekkasje i fjor, medan det var 13 hendingar med tilstopping i avlopsnett. Gamle betongleidningar og lekkasjar er ofte årsaka til driftsproblem på avlopsnett.

Det har vore eit mål å redusere talet på meldte driftsavvik og behov for utbetringar ved VA anlegga med minst 50 stk. Dette har vi greidd med god margin og talet er redusert frå 162 til 34 inkludert nye som har kome til gjennom året. Bruk av nye dataverktøy har gjort det enklare å registrere og ha oversikt over driftsavvik og hendingar i VA nettet.

Det har vore fokus på lekkasjereduksjon i vassleidningsnett og nattforbruket målt frå høgdebassenget på Lyshol vart først redusert frå 7,5 til om lag 5 - 5,5 liter per sekund for så å auke noko igjen. Vi er no nær målet på 5 liter per sekund. Ein reduksjon på 2 liter per sekund tilsvara vassforbruket til over 1000 personar.

## Fondsutvikling

Innan vassforsyning så har fondet blitt redusert med kr. 1 095 438 til kr. 1 853 506. For avløp har fondet blitt redusert med kr. 304 207 til kr. -776 644 (negativt fond) og for avfall har fondet blitt redusert med kr. 254 271 til kr. 2 398 895. Samla fond er no kr. 3 475 757.

Selskapet sine funksjonar knytt til informasjon, økonomi, administrasjon, fakturering og kundehandtering er samla i ei avdeling. Innunder fakturering ligger også ansvar for innsamling av målarverdiar som nyttast i fakturagrunnlaget.

Det har dei siste åra vore gjennomført store endringar i form av digitalisering av kraftnettet i Noreg. Smarte straummålarar, saman med innføring av ein nasjonal database for måleverdiar -Elhub, har opna mange nye høve både for sluttbrukaren og for oss som nettselskap. Sykkylven Energi jobbar kontinuerleg med å endre arbeidsprosessane våre, slik at vi nyttar oss av dei høva auka digitalisering gir.

Ny teknologi innan eit område, gir også nye høve til å hente ut synergjar innanfor andre forretningsområde. Til dømes har vi investert i ein tilleggsfunksjon i dei nye straummålarane, som gjer det mogleg å fjernavlese vassforbruk for dei som har vassmålar. Prosjektet er ein pilot i vår region.

Også innan annan kundekontakt har det vore jobba med digitalisering. Målet vårt er at kundane skal bli godt ivare-



Trude Breivik, Økonomi og administrasjonssjef. Foto: Kristin Støylen

tekte når dei kontaktar oss. I stadig større grad opplever vi at kundane nyttar våre nettsider. Det har vore arbeidd med å få på plass sjølvbeteningsløysingar på våre nettsider, slik at kundane kan få gjort det dei skal, når dei sjølv måtte ønskje.







Sykkylven Energi AS (SE) har ansvar for transport av energi samt ansvar for drift og utbygging av kommunen sine anlegg innan vatn, avløp og renovasjon. SE har 3 eigne kraftstasjonar med ein samla produksjon på ca. 51 GWh i eit normalår. SE er også engasjert i utbygging og utleige av fiber i Sykkylven kommune.

Hovudkontoret er lokalisert i Sykkylven og selskapet er 100 % eigd av Sykkylven Energi Holding AS.

Styret har etter ordinær generalforsamling i 2020 hatt desse medlemmane: Steinar J. Bakke (leiar), Kristin Grebstad (nestleiar), Jarle Strømmegjerde, Odd Arne Krüger, Renate Karlsen, Halvard Hjorthol (frå dei tilsette) og Arvid Skinnes (frå dei tilsette).

Styret har avhalde 7 styremøte i 2020 og 47 protokollerte saker er handsama.

## ØKONOMI

Samla driftsinntekter for SE i 2020 var kr 78.193.164 (102.433.538) medan samla driftskostnader var kr 71.815.234 (76.601.941). Driftsresultatet vart kr 6.377.930 (25.831.597).

Årsresultat før skatt viser kr 4.383.701 (23.071.574) og resultat etter skatt kr 3.392.540 (17.945.299). Resultatet i 2020 er prega av historisk låge kraftprisar. Styret forventar eit godt resultatnivå framover, men resultatet vil vere sterkt avhengig av kraftprisane i marknaden. Kraftprisane for 2021 ser ut til å verte betre enn i 2020, noko som vil vise igjen på resultatet for 2021.

SE sin marknadsrisiko er avgrensa. Resultatet frå kraftproduksjonen blir påverka av tilsigssituasjonen og kraftpris. SE kan nytte finansielle instrument for å prissikre deler av inntektene frå kraftproduksjonen. Dei finansielle kontraktane handlast på Nasdaq OMX-børsen. SE har i 2020 ikkje hatt aktive sikringskontraktar. SE er vidare eksponert for valutarisiko som følgje av at oppgjersvalutaen for kraftsalet er i Euro. SE har i 2020 tap frå valutakontraktar på kr 640.000. Selskapet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle risikoeksponeringa.

SE sin likvidetsrisiko er per 31.12.20 låg. Selskapet har gjennomført store investeringar dei siste åra, som i hovudsak er finansiert med låneopptak. Selskapet vil difor i større grad vere eksponert for endringar i rentemarknaden. Selskapet sin eigenkapitalprosent er ved årsskiftet 39,1 %. (43,2%).

SE har ei tilfredsstillande finansiering. Med ein total kapital på kr 325.059.898 (301.384.554) og ein eigenkapital å kr 127.084.828

(130.192.288) vurderer styret SE si finansielle stilling etter utbytteutdeling som tilfredsstillande.

Brutto investeringar i 2020 utgjorde 55,7 mill. kr. Delar av finansieringa er dekt gjennom anleggsbidrag og tilskot (16,2 mill. kr). Netto investeringar finansiert av SE var såleis på 39,5 mill. kr. Investeringane er fordelt med 10,0 mill. kr. til VAR-anlegg, 7,0 mill. kr. til nettverksemda og 21,4 mill. kr. til fiberprosjekt. Investeringar elles gjeld EDB-anlegg, bilpark og gatelys. Selskapet vil også i 2021 gjennomføre betydelege investeringar, men forventar ein reduksjon i 2022 og dei følgjande åra.

Produksjon frå eigne kraftstasjonar er normalt den viktigaste bidragsytaren til SE sitt resultat, men dei låge kraftprisane i 2020 medførte at kraftproduksjonen hadde eit negativt resultatbidrag. Vi har gjennom året hatt gode tilsig til magasina og vi produserte til saman 55,1 GWh i våre 3 kraftstasjonar. Spotprisen på eigenprodusert kraft vart i 2020 på 9,56 øre kWh, noko som er 73,4 % lågare enn gjennomsnittsprisen for perioden 2017-2019 (35,97 øre kWh).

## EL-DISTRIBUSJON

Totalt vart det i SE sitt linjenett transportert 133,5 GWh. Tap i nettet var på 6,8 GWh (5,13 % av totalt transportert i nettet). Energi levert til sluttbrukarar i kommunen var 120,6 GWh. Transportert energimengde har dei siste åra vore nokså stabil. I 2020 vart det henta inn 3,6 mill. kr. meir enn SE si inntektsramme tillèt. Berekna meirinntekt inkl. renter i balansen per 31.12.20 er på 6,0 mill. kr.

Kostnadar til transport av energi i ovanfor liggjande nett (nettleige til Mørenett AS og til Statnett SF) var på 10,8 mill. kr. Dette utgjør 29,5 % av nettleiga til SE sine kundar i 2020.

Kostnadar grunna avbrot i elforsyninga i eige nett, KILE, er i 2020 kr 1.061.000 (kr 898.000 på grunn av driftsforstyringar og kr 163.000 på grunn av varsla avbrot).

Frå 2021 er nettverksemda fisjonert ut frå SE til det nystifta selskapet Straumen Nett AS, for å tilpasse seg dei lovpålagte krava om selskapsmessigs skilje.

## VATN, AVLØP OG RENOVASJON

Dei lovpålagte oppgåvene SE utfører på vegne av Sykkylven kommune skal utførast til sjølvkost. Sjølvkost vil seie at abonnentane skal betale meirkostnaden ved å produsere ei teneste. Selskapet skal gå i økonomisk balanse på sjølvkosttenestene. Sjølvkostresultatet blir overført til sjølvkostfond.



Samla inntekter frå gebyr for vatn, avløp og renovasjon var på kr 26.971.061, medan driftskostnadane var kr 27.831.912. Dei akkumulerte sjølvkostfonda var pr. 31.12.2020 på kr 3.475.757. For vatn vart fondet redusert med kr 1.095.438 til kr 1.853.506, for avløp vart fondet redusert med kr 304.207 til kr -776.644 (negativt fond). For renovasjon vart fondet redusert med kr 254.271 slik at samla positivt fond innan dette området pr. 31.12.2020 er kr 2.398.895. Samla reduksjon i sjølvkostfonda for alle område vart dermed kr 1.653.917 i 2020.

ÅRIM (Ålesundsregionens Interkommunale Miljøseksjon IKS) har ansvaret for innsamlinga av hushaldsavfallet, samt drifta av miljøstasjonane.

Standard- og kvalitetshevinga innan VAR-sektoren dei siste åra er eit resultat av oppfølginga av gjeldande hovudplanar.

## PRODUKSJON I EIGNE KRAFTSTASJONAR

Riksheim kraftstasjon	31,2 GWh
Riksheimdal kraftstasjon	19,8 GWh
Ramstaddal kraftstasjon	4,0 GWh
Sum eigenproduksjon	55,1 GWh

Spotinntekta frå 55,1 GWh var 5,3 mill. kr, dette gir ein gjennomsnittleg pris på 9,56 øre/ kWh eks mva. Utover dette har SE hatt ekstraintekter frå sal av opprinnelsesgarantiar på 193.065 kr. For Grøne sertifikat frå Riksheim kraftstasjon er det ført eit tap på 250.151 kr. i 2020. Tapet skyldast prisfall på SE sin behaldning av grøne sertifikat gjennom året. Det har ikkje vore nytta finansielle sikringskontraktar i 2020.

## FIBER

SE leverer fiber i Sykkylven kommune, og har ein samarbeidsavtale med NextGenTel for tenesteleveranse til hushaldskundar. Næringslivskundar i Sykkylven kan fritt velje leverandør av breibands- og IKT-tenester gjennom SE sitt fibernett.

## ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Arbeidsstokken i selskapet er stabil og ved regnskapsåret sin utgang var det i alt 23 tilsette (5 kvinner og 17 menn) som utførte 22,0 årsverk. SE har i tillegg hatt ein lærling i 2020. SE har ei målsetting om å ha ein lærling innan EL.

Det er lagt til rette for at begge kjønn kan tilsetast i alle stillingar ved SE, og under elles like føresetnader vert kjønnsbalanse prioritert ved tilsetting. I styret er det 2 kvinner og 5 menn.

SE har to verneombod, den eine er valt til hovudverneombod.

SE er medlem av Sykkylven Bedriftshelseteneste. Sjukefråværet var i 2020 på 4,6 %. Arbeidsmiljøet vert vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje registrert yrkesskadar eller arbeidsulykker i 2020.

Pensjonsansvaret er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). SE sine pensjonsforpliktingar er aktuarberekna til kr 3.174.218. Beløpet er rekneskapsført. Endringar i parameter for berekning av framtidige pensjonsforpliktingar gjer at den ikkje rekneskapsførde delen av forpliktingane (12,1 mill. kr) er auka i forhold til 2019 (7,4 mill. kr).

SE er medlem i «Samfunnsbedriftene» - ein arbeidsgjevar- og næringspolitisk interesseorganisasjon for bedrifter eigd av kommunar og fylkeskommunar.

## DISKRIMINERING

Selskapet godtek inga form for diskriminering. Det omhandlar lik behandling for alle, uavhengig av etnisitet, nasjonalitet, kjønn, hudfarge, religion og livssyn. Personalpolitikken skal vere tilrettelagt for å stimulere til ei aktiv likehandsaming med fokus på ikkje-diskriminerande åtferd.

## FORSKING OG UTVIKLING

Selskapet har for tida ingen større pågåande forskings- og utviklingsprosjekt i eigen regi. SE har deltatt i eit bransjespesifikt FOU prosjekt i 2020 med kr 34.000.

## YTRE MILJØ

SE er underlagt ulike myndigheiter når det gjeld vern av det ytre miljø og selskapet arbeider kontinuerleg for å redusere utsløppa til det ytre miljøet.

Vasskraft er ei rein og vedvarande energikjelde som er svært miljøvennleg sett i forhold til dei fleste andre energikjelder. Likevel påverkar utbyggingar det ytre miljøet. Energiproduksjon og -distribusjon som skjer i regi av SE må ta omsyn til både forsyningstryggleik, lønsemd og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre. I Sykkylven har vi i dag nær 70 % av straumnettet lagt som jord- og sjøkabel, noko som er godt over landsgjennomsnittet og andre selskap omkring oss. Eit anna døme er prosjektet på Riksheim Kraftverk, der rørgata er sprengt ned i fjell.

SE drifrar dei offentlege avløpsanlegga i kommunen. I den nye hovudplanen for avløp er det ei overordna målsetting at



tilknytninga til hovudreinseanlegga skal aukast og alle ureinsa utslepp skal sanerast. Reinsekrava i avløpsforskrifta skal oppfyllest og utsleppa skal ha akseptabel resipientpåverknad.

## GENERELT

Styret vurderer at vilkåra for framleis drift for selskapet er til stades, og årsrekneskapen for 2020 er sett opp under denne føresetnaden.

SE har arbeidd for å ha godt samarbeid med andre energiverk i området. Viktigaste samarbeidspartar er Mørenett, Nordvest

Nett og Stranda Energiverk. Det er elles etablert samarbeid om innkjøp av materiell og varer. Dei fleste energiverk i fylket er med i innkjøpssamarbeidet, og det er gjennom stort volum oppnådd gode vilkår.

## DISPONERING AV ÅRSRESULTAT

Styret foreslår følgjande disponering av overskotet etter skatt på kr 3.392.540 for 2020:

- kr 6 500 000 vert utbetalt som utbytte til eigar.
- kr 3 107 460 vert ført frå annan eigenkapital.

Styret for Sykkylven Energi AS, 15. april 2021

Steinar Johan Bakke  
Styreleiar

Kristin Grebstad  
Nestleiar

Jarle Strømmegjerde  
Styremedlem

Odd Arne Krüger  
Styremedlem

Renate Karlsen  
Styremedlem

Halvard Hjorthol  
Styremedlem

Arvid Skinnnes  
Styremedlem

Per Arne Edvardsen  
Adm. dir.





## Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer

Revisor Klokk AS  
Postboks 197  
6239 Sykkylven

www.revisorklokk.no  
Telefon: 70 25 48 10  
Epost: tormod@revisorklokk.no

Til generalforsamlingen i

**Sykkylven Energi AS**  
6230 Sykkylven

### MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR FOR 2020

#### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

##### *Konklusjon*

Vi har revidert Sykkylven Energi AS' sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 3.392.540. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvissande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg.

##### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

##### *Ytterlegare informasjon*

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av introduksjon av selskapet, nøkkeltal, styrets årsmelding og samfunnsrekneskap, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Medlemmer av Den norske Revisorforening  
Revisorregisteret/Foretaksregisteret NO 999 125 484 MVA  
Autonsert regnskapsførerselskap



## Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerdar som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare skildring av revisors oppgåver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

### **Utsegn om andre lovmessige krav**

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Sykkylven, 15. april 2021

Revisor Klokk AS

Tormod Klokk  
statsautorisert revisor



DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2020	2019
Salsinntekter	13	66 936 726	85 138 649
Anna driftsinntekt		11 256 438	17 294 889
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>4</b>	<b>78 193 164</b>	<b>102 433 538</b>
Varekostnader		13 467 563	16 581 832
Lønskostnader m.m.	11, 12	13 145 934	16 519 907
Avskrivning på driftsmiddel og immaterielle egedelar	5	14 347 455	12 716 768
Annan driftskostnad	11	30 854 282	30 783 434
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>4</b>	<b>71 815 234</b>	<b>76 601 941</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>4</b>	<b>6 377 930</b>	<b>25 831 597</b>
Inntekt på investering i annet foretak i same konsern		600 000	0
Anna renteinntekt		66 267	43 379
Anna finansinntekt		151 671	46 000
Annan rentekostnad		2 612 385	2 698 208
Annan finanskostnad		199 781	151 194
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>(1 994 228)</b>	<b>(2 760 023)</b>
Resultat før skattekostnad		4 383 701	23 071 574
Skattekostnad på ordinært resultat	10	991 161	5 126 275
<b>Ordinært resultat</b>		<b>3 392 540</b>	<b>17 945 299</b>
Ekstraordinære inntekter og kostnader		0	0
<b>Årsoverskot</b>		<b>3 392 540</b>	<b>17 945 299</b>
Overføringer			
Avsett til utbytte		6 500 000	7 000 000
Til/frå annan egenkapital		(3 107 460)	10 945 299
<b>Sum overføringer</b>		<b>3 392 540</b>	<b>17 945 299</b>



EIGEDELAR	Note	2020	2019
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	10	5 218 454	5 187 034
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>5 218 454</b>	<b>5 187 034</b>
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar o.a. fast eigeedom		285 827 012	261 221 675
Driftslausoyre, inventar o.a. utstyr		6 094 602	5 928 602
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	<b>5, 9</b>	<b>291 921 614</b>	<b>267 150 277</b>
Finansielle driftsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	7	1 327 002	1 327 002
Investeringar i aksjar og delar	7	355 703	418 026
Obligasjonar og andre fordringar		1 131 824	1 005 625
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>2 814 529</b>	<b>2 750 653</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>299 954 596</b>	<b>275 087 964</b>
Omlaupsmiddel			
<b>Lager av varer og anna behaldning</b>		<b>2 692 313</b>	<b>2 278 434</b>
Fordringar			
Kundefordringar	9	19 612 997	21 566 969
Fordringar på selskap i same konsern		744 284	57 881
Andre fordringar	14	728 808	1 113 043
<b>Sum fordringar</b>		<b>21 086 089</b>	<b>22 737 893</b>
<b>Bankinnskot, kontantar o.l.</b>	<b>3</b>	<b>1 326 901</b>	<b>1 280 264</b>
<b>Sum omlaupsmiddel</b>		<b>25 105 302</b>	<b>26 296 590</b>
<b>Sum egedelar</b>		<b>325 059 898</b>	<b>301 384 554</b>



EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2020	2019
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital 33 á 300000		19 800 000	19 800 000
Overkurs		47 035 853	47 035 853
<b>Sum innskoten egenkapital</b>	<b>2</b>	<b>66 835 853</b>	<b>66 835 853</b>
Opptent egenkapital			
Annan egenkapital		60 248 974	63 356 434
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>60 248 974</b>	<b>63 356 434</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>2</b>	<b>127 084 828</b>	<b>130 192 288</b>
Gjeld			
Avsetjing for forpliktingar			
Pensjonsplikter	12	3 174 220	3 035 006
<b>Sum avsetjing for forpliktingar</b>		<b>3 174 220</b>	<b>3 035 006</b>
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		129 632 000	104 788 000
<b>Sum annan langsiktig gjeld</b>	<b>9</b>	<b>129 632 000</b>	<b>104 788 000</b>
Kortsiktig gjeld			
